



# KULTURMINNE I FEDJE KOMMUNE

Ei vurdering av kulturminne frå SEFRAK-registeret og Askeladden, tematisk ordna

Rådgjevande Arkeologar v/Ørjan Engedal  
03.03.2016, for Fedje kommune







- Teiknforklaring**
- Andre (A)
  - Handel (H)
  - Kyrkje og religion (K)
  - Skule (T)
  - Bustadhus (B)
  - Gardsdrift (G)
  - Sjøbruk (S)
  - Objekt i Askeladden Gulenakken



**Teiknforklaring**

- Andre (A)
- Handel (H)
- Kyrkje og religion (K)
- Skule (T)
- Bustadhus (B)
- Gardsdrift (G)
- Sjøbruk (S)
- Objekt i Askeladden

# *Førhistorie*



## Buplass-aktivitetsplass frå steinalder

På og kring ein sauesti på gbnr. 168/30 på nordsida av Sildevågen, vart det i 1971 plukka opp kring 80 flekker og avslag av flint. Nærare arkeologiske granskingar med prøvestikk var utan resultat. Lokaliteten ligg i dag som ASK 97125 i Askeladden, definert som busetjing-aktivitetsområde frå steinalder (automatisk freda). Funna som vart gjort finst på Universitetsmuseet i Bergen som B 12593. Ingen av funna er diagnostiske, altså at dei definerer ei snevrare dateringsramme. Fem av funna er flekker, det vil seie kontrollerte avlange avspaltningar brukte til reiskap av ulikt slag. Flekkene og fleire av avslaga (dei mindre kontrollerte avspaltningane) er retusjerte, det vil seie at dei er intensjonelt tildanna vidare til bruk som reiskap (til dømes kniv eller skrapar). Funna vart gjort i eit område som ligg mellom 11 og 15 meter over havet i dag.



*Flinten vart plukka opp kring høgdedraget midt i bildet.*

*Diagram som viser endringar i havnivå på Fedje, og lokaliteten plassert på eit kart med havnivå som i slutten av eldre steinalder*



Høgda over havet peikar mot ei tidfesting til omlag 6500 år før notid. Då var havnivået på sitt maksimale etter siste istid, omlag 8 meter over dagens nivå, og lokaliteten har lege på eit strategisk nes der to sund møttest. Førekomsten av flekker kan peike mot etter 6000 før notid, då slike vert meir populære. I arkeologien set ein skilet mellom eldre (seinmesolitikum) steinalder og yngre (neolitikum) til 6000 før notid (4000 f.Kr.).

Truleg finst det fleire spor etter steinaldermenneska på Fedje. Den store torrveksten har gjort det vanskeleg med arkeologisk registrering (prøvestikking). I liknande områder brukar arkeologane i dag gjerne grave-maskin til å fjerne metervis med torrvekst i et vidare område, for så å granske med nettare metodar.

## Gåve til maktene på Måsholmen



*Måsholmen i Husavatnet, sett frå aust.*

Flintdolken skal vere funnen på Fedje, moglegvis på holmen i Husavatnet. Det er uråd å vite sikkert kvar dolken faktisk vart funnen. Men Måsholmen var nok ein god stad sist i steinalderen, midt i det som var ein lagune med opning til havet både i vest og aust. Like sør for Husavatnet, ved Grønevasstjørna vissr pollenbotaniske granskingar ei markant auke i bruk av brann og ei opning av vegetasjonen frå omlag 2000 f.Kr. (Brekke & Skaar 1995). Til saman er dette gode indikasjonar på at folk hadde slege seg til her med beitedyr, truleg sau, kring 2000 f.Kr. Flintdolken viser at dei låg godt til rette i kystleia og hadde midlar til å skaffe seg prestigevarer frå Danmark. Berre 12 dolkar av denne typen er funne på vestlandet sør for Stadt (Zinsli 2007). Ein reknar med at dolkanane vart lagde i jorda, i små tjørn eller ved bergnabbar, som offergåve til gudane.



*B 6076, flintdolk frå Fedje, moglegvis funnen på Måsholmen i Husavatnet. Dolken er av ein av dei meir forseggjorte typane, IV A/B også kalla fiskehaldolk, med klårt rombisk handtak med midtsaum på kvar side. Truleg vart det brukt reiskap med spissar i kopar i produksjonen av desse dolkanane. Han skriv seg frå siste delen av steinalderen, 1950-1700 f.Kr. (Vang Petersen 1999).*

## Fuglejakt på Vadneset ved Storevatn?

Funnet av eikepinnar er skildra to stader, i Askeladden (ASK 111941) og i Per Fett sine registreringar for Fedje. Her er tilsynelatande motstridane informasjon. I følgje Fett var pinnane tilkvesa i eine enden og sto i ring i myra. I Askeladden står det at dei var kveste, var firkanta og sto tvers over neset, og det skal dessutan ved same høvet vere funne eit oksehorn med to hol i tjukkenden som til eit handtak. Dette kan samsvare dersom ringen i Fett strakte seg over heile bredda på neset, slik at dei også kan seiast å ha stått tvers over. Pinnane vart ikkje levert inn til museum.


Slike funn, kjende som *myrpinningar*, er eit typisk kystfenomen og kjendt frå heile norskekysten. Siste tjue åra har ni ulike funn vorte datert med C-14 metoden, og desse plasserar seg alle frå 200 til 1100 e.Kr., altså yngre romartid til og med vikingtid. Det skal også nemnast at alle desse daterte var i furu eller bjørk, medan pinnane på Vadneset var av eik.

Vidare heller mange mot ei tolking av desse anlegga som fangstanlegg for fugl. Særskilt synest skildringar av samisk fangst av gås på små landtunger ved vatn, å vere ein overtydande parallell til myrpinngane ved Storevatnet (Sylvester 2012).

Lokaliteten har uavklart vernestatus i Askeladden, som tyder at han bør reknast som automatisk freda til vidare.



*Gåsefangst med snarer på låge landtunger ved vatn i svensk Lappland (Lloyd 1867, Sylvester 2012).*



*ASK 111941, funnstad for myrpinningar, ved rota av Vadneset i Storevatnet.*



## Fagrevollen

Om Fagrevollen sør for Brurevatna, står det i Askeladden:

*Haugar. 3-4 stk. på Fagervollen 40-50 m S for sydspissen på Vestre Brurevatnet. På eit område 40 x 70 m ligg haugane. Dei synest vera laga av stein og dekt med torv. Oppå jorda er det mengdevis av rare firkanta tuer som minner om overgrodd torv (?).*

Den aktuelle vollen skil seg klårt ut som særskilt grøn og frodig i høve til omgjevnadane. Moglegvis er her komme meir vegetasjon, særskilt einer, sidan første registreringa. Det er i alle fall vanskeleg å påvise haugar av stein på vollen i dag. Namnet Fagrevollen fell inn i ein namnetradisjon for gode beite, gjerne stader nytta til støling (t.d. “*da grøna*” på Vågane). At Fagrevollen kan ha vore nytta som støl eller sommarflor/-fjos, og at her kan ha vore steinmurar i denne samanhengen, kan vere ei forklaring. Staden skil seg då frå mange andre stølslokalitetar på Fedje i at det tydelegvis ikkje har vore knytt munnleg tradisjon til denne. Dette kan vere av di han er eldre enn dei andre kjende stølslokalitetane.

Graver i steinrøys i førhistoria er i stor grad knytt til jordbruksamfunna i bronse- og jernalder, frå 1500 f.Kr. og framover. Plasseringa av røysene er då gjerne på dominerande punkt i landskapet, nær viktige ferdsleveggar eller gardstunet. Ei tolkinga av Fagrevollen som gravfelt frå bronse-/jernalder er såleis ikkje særleg overtydande slik det ser ut i dag.

Fagrevollen. Frå registreringa (oppe, © 2016 Universitetsmuseet i Bergen), og frå synfaring 2016 (nede, ØE).



Det siste arkeologiske funnet er eit skår av ei klebergryte, omdanna og brukt som fiskesøkke. I tilvekstkatalogen står følgjande (C 5032):

*Et Stykke Klebersten, langagtig firkantet og svagt buet, 4" langt og c. 1 1/2" bredt, med et lidet rundt Hul ved hver Ende; er aabenbart tildannet af et Stykke af de i yngre Jernalders Grave almindelige Kleberstensskaaler og er endog, som gjerne er Tilfældet med disse, sodet paa den ene Side, men det lader sig vanskelig afgang, hvortil det har været brugt.*

*Fundet paa Nordsiden af Fedje-Øen i Lindaas Pgd., Søndre Bergenhus Amt, liggende paa Bunden i en c. 3 Alen dyb Torvmyr; ved Siden af det fandtes et lignende, senere forkommet Stykke. - Gave fra Landhandler Eriksen ved Stiftskapellan Aug. Ingier.*

Ein annan stad er funnstaden definert til Moldøyna, utan at ein kan feste særleg lit til dette. Ei datering til mellomalder (1050-1537 e.Kr.) er det mest sannsynlege. Funnet vert lagra ved Oldsaksamlingen i Oslo. Det er ingen hefte knytt til funnstaden.



*Lokaliteten ASK 111944 aust-søraust for Fedje kyrkje.*

Nicolay Nicolaysen gjorde det fyrste forsøket på eit samla oversyn over fornminne i Noreg, ferdigstilt i 1866. Her refererer han eit manuskript frå presten Angell frå 1753:

*I det nysnevnte manuskript af 1753 siger sognepresten, at øen Fedje først ved midten af det 16de hundreaar skulde være bebygget af Norske, og at det af dem først opførte træhus endnu stod paa gaardn Huse, som deraf havde navn; tilforn skulde øen havde været beboet alene af Engelskmænd og Skotter, af hvis stenhuse endda saaes flere levninger.*

Etter å ha fått granske tilfellet Fedje nærare, kan Nicolaysen notere:

*Der skal nu ikke være spor af det omtalte træhus og stenhuse; heller ved man paa øen noget om, at saadanne tilforn har været der.*

Dette tydar på at Nicolaysen har brukt informantar frå øya, om han ikkje nett var ute sjølv. Johan Vibe nemner i 1896 at det skal ha lege eit gravfelt ved Fedje kyrkje i 1881 (Fett 1976). På dette grunnlaget er lokaliteten ASK 111944 definert som mogleg gravfelt, med uavklart vernestatus. Dette er vanleg som eit varsko i framtidige byggeplanar. Gravfelt der sjølv haugane eller røysane ikkje lenger er synlege gjev ofte ei mengd funn frå meir og mindre øydelagde graver. Ikkje alle graver hadde haug eller røys, og slike flatmarksgraver kan godt vere intakt. Ei anna sak er sjølv sagt om lokaliteten i Askeladden er det same området som Vibe omtalar i 1896. Ei studie av eldre foto kan moglegvis gje fleire svar (NB: ikkje ferdigstilt tekst)

# *Sjøbruk*



Brukshusa ved sjøen har hatt ulike funksjonar:

- naust for lagring av båtar
- sjøbu eller skjå til lagring av reiskap knytt til sjøbruk
- notbu, til lagring av not
- egnebu, til egning av line
- saltebu, til salting av fisk
- forrådsbu, til lagring av forrådsvarer (her kan torvhusa plasserast)

Vidare kunne husa ha fleire funksjonar samtidig, eller dei kunne endre funksjon over tid. På Fedje er det tydeleg at frakt sjølv mellom tun og utmark/slåtteteigar ofte skjedde med båt. Det er døme på sjøhus brukt som lager for torv og høy. Det er også døme på kombinasjon saueflor og sjøbu.

Det er viktig å ta vare på dette mangfaldet i bruk og funksjonar.

Det er også viktig å vurdere yngre naust (som ikkje er i SEFRAK) for å få eit meir representativt utval av typar og funksjonar (til dømes hus med utstikk til vindespel).

Brukshusa ved sjøen dannar typisk vidare kulturmiljø med fleire hus, strandline og gjerne andre anlegg som kaiar, moloar og slippar. Her er det vesentleg å ta omsyn til heilskapen i miljøet.

Det er registrert (SEFRAK) til saman 47 objekt i kategorien naust/sjøbu. 6 av desse er grunnmurar eller ruinar. Det eldste objektet er A7 på Kremmarholmen (101 24) frå 1700-talet. Vidare er 3 objekt datert til 1825-1849, to av dei på Kremmarholmen, det tredje på Hesteneset. 2 objekt, begge ruinar ved Fyrsundet, er tidfest til 1850-1899. 22 objekt er tidfest til 1875-1899, og 15 til 1800-1899 generelt. Endeleg inneheld SEFRAK 4 objekt frå 1900-1924.



S1, naust på Hesteneset frå 1825-49 (Sefrak 101 12)



S4, Kahrsnaustet frå 1825-49 (Sefrak 101 19), med utstikk for vindespel.



*Naustmiljø bak Æskjeret, Storemark.*



*Naustmiljø i Stubergsfjæra i Kyrkjevågen.*

TEMA SJØBRUK (S)

S	1	1265 101 12	RAUD	1825-1849		Sjøhus	Naust, Hestenes, Vestkanten, Fedje
S	2	1265 101 15	GUL	1875-1899	Naust, Kleiven, Vestkanten, Fedje	Naust/sjøbu	
S	3	1265 101 18	RAUD	1825-1849	Naust, Kremmerholmen, Vestkanten, Fedje, (midtnaustet)	Naust til båter og til å tørke høy. Har vært del av anlegg på kremmerholmen	
S	4	1265 101 19	RAUD	1825-1849	Naust, Kremmerholmen, Vestkanten, Fedje	Bygd på en "halvtekkje" før 1920	
S	5	1265 101 20	GUL	1875-1899	Naust, Langedal, "pumpeviken", Vestkanten, Fedje	Båtnaust. Bare reperasjoner. Nytt tak og ny kledning ca. 1985-1986 (tidl. Papptak)	
S	6	1265 101 21	GUL	1875-1899	Sjøbu, Langedal, "pumpeviken", Vestkanten	Repr. Tak og vegger i ca. 1980 og 1991	
S	7	1265 101 24	RAUD	1700-1799	Serviceanlegg For Båtfolk/Museum, Kræmmerholmen Handelsted, Vestkanten	Sjøbruksmuseum/serviceanlegg for båtturister	"Sjøhus/saltebu Tilbygg/ombygging: Huset har blitt restaurert og ombygd innvendig i 1980-1990 "
S	8	1265 101 3	GUL	1900-1924	Sjøbu, Mulen, Vestkanten	Dei første åra etter at sjøbua blei bygd var det salt-eri her.Eternitt blei lagt på taket i 1960 på sørsida. I 1990 blei der lagt aluminiumsplater på taket på nordsida.Verktadrom i nord-vest delen	
S	9	1265 101 33	RAUD	1800-1899	Naust, Soltun, "høyen", Vestkanten	"skuv" bygd til i søraust	
S	10	1265 101 34	RAUD	1800-1899	Sjøbu, Soltun, "høyen", Vestkanten	Torv i halvtekkja i aust. Halvtekkja bygd til rundt 1920	
S	11	1265 101 45	RAUD	1800-1899	Nytt naust	Tuft Etter Naust, Fjæren 2, Fjæro, Vest- Kanten	
S	12	1265 101 46	GUL	1875-1899	Naust, Kræmmerholmen, "sulo", Vestkanten	Skiftet kledning og tak 1988. Loftegulvet er satt på under stavlege og beten	Naust
S	13	1265 101 5	GRÅ	1900-1924	Mur Etter Torvhus, Mulen, Vestkanten		
S	14	1265 101 7	GUL	1900-1924	Naust, Kongestø, Vestkanten	Utvida i nord med tilbygg. I 1991 blei der lagt ny taktek- king	
S	15	1265 101 9	GUL	1900-1924	Naust, Nyborg, "nakkjen", Vestkanten	Halvtekkja i vest brukt som torvhus	
S	16	1265 102 12	GUL	1875-1899	Naust, Tongaren, Koppåsevja, Sentrum	Skiftet tak, vegger og gulv i 1988	
S	17	1265 102 13	GRÅ	1875-1899	Ruin Etter Torvhus, Koppåsevja, Sentrum		
S	18	1265 102 14	GRÅ	1875-1899	Ruin Etter Naust, Koppen, Koppåsevja, Sentrum		
S	19	1265 102 18	GUL	1875-1899	Naust, Koppen, Sentrum		
S	20	1265 102 23	RAUD	1800-1899	Naust, Søfjærd, Sentrum		
S	21	1265 102 24	RAUD	1800-1899	Naust, Flatmark, "strenjen", Sentrum		
S	22	1265 102 28	RAUD	1800-1899	Sjøhus, Uthaug, Sentrum Fedje	Sjøhus, Uthaug, Sentrum Fedje	
S	23	1265 102 32	GUL	1875-1899	Naust, Eidet, Sentrum Fedje	1875-1899	
S	24	1265 102 38	RAUD	1800-1899	Sjøbu/Torvhus, Viken, Sentrum Fedje	Sjøbu/Torvhus, Viken, Sentrum Fedje	
S	25	1265 102 39	RAUD	1800-1899	Sjøbu, Bråthe, Sentrum	En del av sjøbua (mot sør) ble også brukt som sauefjos i 1930-årene	
S	26	1265 102 40	RAUD	1800-1899	Naust, Bråthe, Sentrum	Ca. 1981 skutt ut berget i grunnen, lagt på nytt gulv. Lagd på ny kledning og nytt tak ca. 1975	

S	27	1265 102 42	RAUD	1800-1899		Naust, Opdal, Sentrum	
S	28	1265 102 43	RAUD	1800-1899	Tidligere Verksted, Opdal, Sentrum	Huset ble brukt til verksted, det er usikkert hvilken type verksted. Huset ble kalt for "banken" fordi det var det eneste huset på fedje som ble låst	Nåværende funksjon: Lager
S	29	1265 102 44	RAUD	1800-1899	Naust, Ophaug, Sentrum	Naust, Ophaug, Sentrum	
S	30	1265 102 52	GUL	1875-99	Naust, "moldøyne", Sentrum Fedje	Naustet ble bygd opp på nytt på dei gamle murane i 1985. Det blei da gjort ca. 50 cm. Høgare	
S	31	1265 102 53	GUL	1875-99	Sjøbu, "moldøyne", Sentrum Fedje.	Huset blei bruk til lagring av torv til ca. 1950. Tilbygg i sør etter 1900. Nytt tak (nye sperr med brattere vinkel) i 1960	
S	32	1265 102 6	GUL	1875-1899	Uthus, Koppen, Sentrum	Tidligere funksjon: Torv og ved	Nåværende funksjon: Ved, røykeri
S	33	1265 102 8	GUL	1875-1899	Naust, Koppen, Sentrum		
S	34	1265 102 9	GUL	1875-1899	Sjøbu, Koppen, Sentrum		
S	35	1265 103 3	RAUD	1800-1899	Naust, Rognsvåg, Fedje Aust	Tidligere funksjon: Naust	
S	36	1265 103 4	RAUD	1800-1899	Torvhus, Rognsvåg, Fedje Aust	Nåværende funksjon: Lager for fiske og sjøutstyr	"Tidligere funksjon: Torvhus Tilbygg/ombygging: Vindu satt inn "
S	37	1265 103 4	RAUD	1800-1899	Torvhus, Rognsvåg, Fedje Aust	Nåværende funksjon: Lager for fiske og sjøutstyr	"Tidligere funksjon: Torvhus Tilbygg/ombygging: Vindu satt inn "
S	38	1265 104 12	GUL	1875-1899	Sjøbu, Storemark		
S	39	1265 104 13	GUL	"1875-1899 "	Båtnaust, "eskjæret", Storemark	Tilbygg/ombygging: Ny kledning, nytt tak	
S	40	1265 104 14	GUL	1875-1899	Naust, Storemark		
S	41	1265 104 15	GUL	1875-1899	Naust, Storemark		"Tidligere funksjon: I andre etasje var det notbu. Naustet var i bruk som notbu/ naust til ca. 1950 Tilbygg/ombygging: Naustet er bygd på i høgda (før 1950 antakeligvis) "
S	42	1265 104 16	GUL	1875-1899	Naust, Storemark		"Tidligere funksjon: I bruk som notbu/naust til næring til omlag 1950 Tilbygg/ombygging: Naustet blei gjort mindre, kappa av, fra sjosida i ca. 1975 "
S	43	1265 104 19	GUL	1875-1899	Naust, Fredheim, Storemark	"Nåværende funksjon: Naust Tidligere funksjon: Naust "	
S	44	1265 104 24	GRÅ	1850-1874	Ruin Etter Sjøbod, Hellesøy Fyr, Hellesøy, Storemark		
S	45	1265 104 26	GRÅ	1850-1874	Ruin Etter Naust, Vest Ved Fyrsundet, Storemark		
S	46	1265 104 5	GUL	1875-1899	Torvhus, Mortland, "morteviken", Storemark		
S	47	1265 104 9	GRÅ	1875-1899	Mur Etter Naust, Mortland, Morteviken, Storemark		



# *Gardsdrift*

*Fisket er så einsretta at det er ikkje nok til hovudnæring og livsgrunnlag, det gjev ikkje nok til livseksistens. Difor var det så viktig at kvar og ein hadde slåtteteigar, åker og beitemark i tillegg (Tangen 1984: 205)*



Det er registrert 28 løer, florar og fjosar (sefrak). 7 er ruinar eller tufter. Berre to objekt er i utmark, begge tufter etter sommarfjosar. Kartfestinga på den eine, truleg også den andre, er missvisande. Eigaren av sommarfjosen på Våge kunne vise kvar tufta faktisk låg, og hugsja sjølv at denne var i bruk for to kyr og nokre sauer. Han demonstrerte også at løene kan gøyme mange skattar: i løa var samla ei stor mengd eldre gjenstandar frå garden.

Korleis vurdere verdi og avgjere kva skal takast med i planen?

Verdi: autensitet, representativitet, alder og tilstand er viktige stikkord.

- Dei kan vere ombygde, typisk gjort kortare, breiare og høgare, eller bygd til med ei halvtekkje. Dei kan også vere ombygde til anna bruk, som opning av ein vegg til bruk som garasje.

- Dei kan ha vorte vedlikeheldne med nyare material, til dømes bølgeblekk på tak og vegg. Bølgeblekk på vegg senkar verdien i større grad enn på tak. På den andre sida kan løa restaurerast med opphavleg type kledning, og i eit lengre tidsperspektiv er dette mindre viktig.

- Desse objekta er det som dag i størst grad signaliserar at Fedje var eit jordbruksamfunn, sidan det er få nyare bygg knytt til gardsdrift.

- Ei løe er datert 1900-1925, 10 til 1800-1899, 14 til 1875-1899, 2 til 1850-1874 og 1 til 1825-1849.



*Løe med flor på Hesteneset. Dette er det eldste bygget knytt til gardsdrift på Fedje (G 28).*




*Her sto stølshuset til Vågane. Dette er det einaste kulturminnet knytt til gardsdrift i utmark som er registrert og attfunne (mest truleg same som G 5, 1265 104 2)*

TEMA GARSDRIFT (G)

G	1	1265 104 6	GRÅ	1875-1899	Mur Etter Løe, Mortland, Morte- Viken, Storemark		
G	2	1265 104 33	RAUD	1800-1899	Løe, Herøy, StoremarkL		
G	3	1265 104 30	RAUD	1800-1899	Løe, Fjeldbakken, Stormark, Storemark	Nåværende funksjon: Vedskjul	Tidligere funksjon: I bruk fram til ca. 1970
G	4	1265 104 20	GUL	1875-1899	Løe, Fredheim, Storemark	Nåværende funksjon: Løa er utleid til naboen som bruker den til å oppbevare høy og til sauefjøs	"Tidligere funksjon: Løe m. Fjøs, flere dyreslag: sau, kyr, høns og gris Tilbygg/ombygging: Bygd på tilbygg ca. 1960-1970 "
G	5	1265 104 2	GRÅ	1850-1874	Ruin Etter Sommarfjøs, Våge, Stormark		
G	6	1265 104 17	GUL	1875-1899	Løe, Nyheim, Storemark	Tilbygg/ombygging: Nytt golv, ny kledning og ny takteking i 1989	
G	7	1265 104 10	GRÅ	1875-1899	Tuft Etter Sommarfjøs, Mortland, Morte- Viken, Storemark		
G	8	1265 104 1	GUL	1875-1899	Løe, Våge, Stormark	"Nåværende funksjon: Løe m/sauefjøs Tidligere funksjon: Løe Tilbygg/ombygging: Skifta tak 1987. Fjøsen ble satt inn når løa ble flytta. Gulvet støpt 1981 "	
G	9	1265 103 6	RAUD	1800-1899	Løe, Rognsvåg, Fedje Aust	Nåværende funksjon: Lager av diverse utstyr	"Tidligere funksjon: Løe m/fjøs i kjelleren Tilbygg/ombygging: 1950-årene ble det støpt golv i fjøset i kjelleren "
G	10	1265 103 2	GRÅ	1800-1899	Sauehus, Rognsvåg, Varen, Fedje Aust		
G	11	1265 102 7	GUL	1875-1899	Løe, Koppen, Sentrum	Tilbygg/ombygging: Stavlege er skjøtt på over 2. Grind fra øst. Floren er bygd av rakved ca. 1890-1900	Nåværende funksjon: Lager av gamle møbler, sykler osv
G	12	1265 102 57	GUL	1875-1899	Løe, Koppen, "bakkjen", Sentrum Fedje	Nåværende funksjon: Tørkeplass for klær	Tidligere funksjon: I bruk som løe til ca. 1970, kyr til eingong i 1960-åra, sauer til 1970 ca
G	13	1265 102 54	GUL	1875-1899	Løe, Moldøyeni, Sentrum Fedje	Smalehuset på nordaustsida blei bygd til mellom 1940 og 1945	
G	14	1265 102 49	GUL	1875-1899	Løe, Tangen Nordre, "nordtangen", Sentrum Fedje	"Brukt som løe til ca. 1950 Tilbygg/ombygging: Løa var lengre før. Eit par meter har blitt kappet av på vestsida. Murane ligg her enno. Der har blitt murt til silo i gråsteinsmur "	
G	15	1265 102 48	GUL	1875-1899	Løe, Midtbø, Midt-Tangen, Sentrum	Løa blei gjort kortare, ei grind blei fjerna, og eine veggen i floren blei sagd ut i 1970-åra, p. Gr. Av at løa blei brukt som garasje	
G	16	1265 102 41	RAUD	1800-1899	Løe, Bråte, Sentrum	Skifta kledning og tak rundt 1970	
G	17	1265 102 37	GUL	1875-1899	Løe, Viken, Sentrum Fedje	Nåværende funksjon: Lager	"Slutt med gardsdrift i ca. 1950 Tilbygg/ombygging: Løa varb lenger før - ei grind blei tatt vekk i sør i 1900- åra "
G	18	1265 102 31	GRÅ	1875-1899	Løe, Eidet, Sentrum Fedje. Riven/brent.		
G	19	1265 102 27	GUL	1875-1899	Løe, Uthaug, Sentrum Fedje	Løe, Uthaug, Sentrum Fedje	

G	20	1265 102 25		1800-1899	Løe, Huse, Sentrum	"Nåværende funksjon: Lager Tidligere funksjon: Tilbygg/ombygging: Skiftet kledning og tak ca. 1975 "	
G	21	1265 102 21	RAUD	1800-1899	Løe, Koppen, Sentrum	"Nåværende funksjon: Lager Tidligere funksjon: Kyr, sauer, for. Slutt ca. 1957 "	Edvard koppen f. 1881 bygde på tømmret flor. Plater på sørvegg. Tørkeskuret på nordsiden har vertikal trepanel med et par cm åpning mellom hvert bord
G	22	1265 102 19	GRÅ	1800-1899	Tuft Etter Løe, Huse, Husa, Sentrum		
G	23	1265 102 17	GRÅ	1875-1899	Løe, Koppen, Sentrum		
G	24	1265 101 42	RAUD	1800-1899		Ruin Etter Løe, Langedal Midtre, "dalen", Vestkanten	
G	25	1265 101 31	GUL	1850-1874	Smalehus, Kahrsneset, Vestkanten	Sauehus. Naboen bruker huset til sine sauer.	
G	26	1265 101 30	GUL	1900-1924	Løe, Bratland, Vestkanten	Løe, Bratland, Vestkanten	
G	27	1265 101 2	RAUD	1800-1899	Løe, Mulen Vestkanten	På sørsida blei der bygd til et sauehus under 2. Verdens- krig. Dette blei reve i 1980 (murane står att). Ny kledning på løa i 1978	
G	28	1265 101 11	RAUD	1825-1849		Heimahus, huset ble brukt til løe med flor fra ca. 1918-1970? Vedskjul/lager av redskaper og båt	Løe M/Flor, Hesteneset, Vestkanten, Fedje

*Bustad*



Bustadhusa på Fedje var oftast svært små, gjerne ein etasje med lem, før kring 1920. Desse husa vart då typisk utvida og ombygde utover 1900-talet, kanskje særskilt etter krigen: ekstra etasje, ark, ekstra stove, bislag, med meir. Dei eldre husa er såleis sjeldan tidstypiske, iallefall ikkje typiske for perioden dei fyrst vart reist i.

Karakteristisk for Fedje er den utstrakte flyttinga og oppattbruk av hus og material, mykje grunn mangel på skog til material på øya.

Tabellen viser ei fordeling på alder av 45 bustadhus i SEFRAK (fleire bustadhus er plasserte under andre tema). Dette er truleg den vanskelegaste kategorien å handsame - folk bur i dei og brukar dei, dei er oftare endra på og det er mange av dei.

Dei to eldste er: ruina ved sida av hovudbygningen på Kremmarholmen SEFRAK 101 25, og den andre er SEFRAK 102 26 på Uthaugen.

Vidare kjem våningshuset i Langedalen (SEFRAK 101 22, gbnr. 169/5) frå 1825-1849. Sjølv om det er ombyggt og utvida er det i god stand og utan dominerande nyare tilbygg eller utskiftingar.

To bygg er frå 1850-1874, SEFRAK 102 26 på Børhaugen og 104 18 på Nyheim, Storemark.

Vidare kjem 16 hus frå 1875-1899, 22 bygg som ikkje er tidfest nærare enn 1800-1899, og endeleg 2 bygg frå 1900-1924.

Det må strekast under at dei mest tidstypiske bygningane gjerne skriv seg frå 1930-åra og framover. Desse vart gjerne bygde større og fleire har i mindre grad vorte ombygde og utvida. Desse finst ikkje i SEFRAK-registeret.

2	1700-1799
1	1825-1849
2	1850-1874
16	1875-1899
22	1800-1899
2	1900-1924



*Med unntak av Kremmarholmen er SEFRAK 102 26 det eldste bustadhus som er registrert. Noko endra på, men dersom alderen verkeleg stemmer har huset høg verdi.*



SEFRAK 101 22 i Langedalen frå 1825-1849.



SEFRAK 102 46, Børhaugen, frå 1850-1899. Huset kjem opphavleg frå Masfjorden og vart flytt til Fedje kring 1880, stod fyrst ei tid på br. 33, før det enda opp der det står i dag (Skogseth 1997: 265).



SEFRAK 104 18 på Nyheim, Storemark frå 1850-1899.

SEFRAK 104 32 på Nyheim, Storemark Tilbygd men stilreint. I følgje SEFRAK er bygget sett opp 1800-1899, men meir truleg er det sett opp kring 1916 (Skogseth 1997: 489).





Stilrein bustad gbnr.172/194. Bygd i 1938. I 1946-1954 var eigaren fyrbetjent på Hellesøy fyr.

Fedje har ei sær sars god gardssoge i Skogseth 1997, med uvanleg merksemd på byggeår på bygningane på dei einskilde bruka. Dette er opplysningar han har fått direkte av eigar sidan dei ikkje finst i matrikkelen.



Fedje har flott arkitektur frå mellomkrigstida, gjerne yrkesfiskarane sine bustadhus. Gbnr.168/65 bygd i 1935 (oppe) og gbnr. 168/55 bygd i 1934, nede. Desse er ikkje i SEFRAK-registret.





TEMA BUSTAD (B)

B	1	1265 101 1	RAUD	1800-1899	Førstejordmora på fedje, marie langeland (f. Nordfonn) budde her fra 1905	Vidauge blei skifta i 1957 og i 1978. Veggen mellom dei to stovane blei fjerna i 1971 - samtidig blei innerveggane lagt plater på, og nytt bislag bygd. (det nokre mindre bislaget som var der i frå før blei fjerna). Pipa i huset er ikke den originale fr	Huset skal ha vore brukt som bakeri då det stod på mongstad. Etter at det blei flytt til fedje i 1905 blei det brukt som gardshus til 1956.
B	2	1265 101 10	Raud	1800-1899	Bustadhus, Solberg, "mulen", Vestkanten		Like etter 2. Verdenskrig bygde dei ark og bislag og letta opp taket. I 1960 åra blei veggen mellom stovane slått ut. Huset hadde inngang i vest, der det no er bad/wc før
B	3	1265 101 14	GUL	1875-1899	Bolighus, Kleiven, Vestkanten, Fedje		Før 1920 var kjøkkenet påbygd, tidligere var kjøkkenet i den nåværende gangen
B	4	1265 101 16		1800-1899		Sommerhus, Solhaug, Hestehaugen, Vestkanten,	Sommerhus
B	5	1265 101 17	GUL	1875-1899	Bolighus, Kræmmerholmen, Brunnes I, Vestkanten, Fedje	Bygd på søndre stue mellom 1905 og 1908. Olai borsen bygde på_f. 1884. Ark på sørsiden bygd på ca. 1950-1960. Ark på nordsida bygd på, skiftet vinduer, bislag og toalett bygd på ca. 1970. Kjøkkenet er bygd om 1984-1985. Det som nå er soverom var	Heimahus.
B	6	1265 101 22	RAUD	1825-1849	Bolighus, Langedalen, "dalen", Vestkanten	Heimahus.Bygd på en stue mot nord på beg. Av 1900-tallet. Bislag og ark påbygd 1950-årene. En del av det gamle kjøkkenet ble bygd om til bad og toalett ca. 1960-1965. Kjøkkenet ble da flytta inn på kammerset på nordvest sida. Vinduer skifta og bygd om til	Huset er utleid. Blir brukt til sommerhus
B	7	1265 101 25	GRÅ	1700-1799	Ruin Etter Stovehus, Kræmmerholmen Handel-Sted, Vestkanten, (prestestovo). Hus for gjestgiver-virksomhet. Ruin.		
B	8	1265 101 29	GUL	1900-1924	Bustadhus, Bratland, Vestkanten		Bislag bygd til i 1960, oppløfta tak engong mellom 1925 og 1950
B	9	1265 101 32	RAUD	1800-1899	Feriehus, Soltun, "høyen", Vestkanten		Bislag med bad/wc bygd til i 1966-1967. Før var inngangen frå andre sida
B	10	1265 101 41	RAUD	1800-1899	Bolighus, Langedal Midtre, "dalen", Vestkanten		Stua mot øst ble bygd på på begynnelsen av 1900-tallet? ark og kjøkken bygd på ca. 1950
B	11	1265 101 44	RAUD	1800-1899	Sommerhus, Fjeren, Vestkanten		
B	12	1265 101 47	GUL	1875-1899	Sommerhus, Sulen, "sulo", Kræmmerholmen, Vestkanten, "sulehuset"		Henrik, f. 1890, bygde nordstua før 1910. Skiftet vinduer ca. 1986
B	13	1265 101 48	RAUD	1800-1899		Helårsb.benyttas som fritidsb.	Feriehus, Muleidet, Mulen, Vestkanten
B	14	1265 101 6	GUL	1900-1924	Bustadhus, Kongestø, Vestkanten		I 1954 blei huset løfta opp (uvisst kor mykje - kanskje om- lag ein meter?) og bygd på i sør og vest
B	15	1265 101 8	RAUD	1800-1899	Feil kartfesta i wms	Stova i nord, kjøkken og kammers bygd til rundt 1900. Bislag og wc blei bygd til i 1975. Vestre del av stova i nord var før eit kammers. Veggen mellom stova og kammerset blei fjerna i 1946 for å utvide stova. I sørenden av huset sto ei halvttekkje som	Bustadhus, Nyborg, "nakkjen", Vestkanten

B	16	1265 102 1	RAUD	1800-1899	Bustadhus, Kroken, "krokane"	Seinare blei ei stove bygd til i nord. Etter 1945 blei huset løfta opp og kjellar blei støpt under. Før hadde det bare vore ein liten kjellar i nord-vest. Samstundes blei der bygd til i vest (før var her et bislag). I 1970-åra skjedde ei ny ombygg	
B	17	1265 102 11	GUL	1875-1899	Bolighus, Tongaren, Koppen, Sentrum		1961 ble hele huset revet ned og så bygd opp igjen. Ytter- veggene i stua er gamle
B	18	1265 102 15	RAUD	1800-1899	Bustadhus, Koppen, Sentrum		"Bygd til gang/kjøkken og ny stove med kammers. 1953 blei huset løfta opp 70 cm. Og påbygd i vest (huset blei tatt ned og nytt satt opp "
B	19	1265 102 16	GUL	1875-1899	Bustadhus, Koppen, Sentrum		
B	20	1265 102 2	GUL	1875-1899	Feriehus, Huse, "husa", Vestkanten		
B	21	1265 102 20	RAUD	1800-1899	Bolighus, Koppen, Sentrum	Ark mot øst bygd på ca. 1950-1960. En del av kam-merset bygd om til bad i 1980. Vinduer skifta siste gang i 1989	Stua mot sør er bygd først. Stua mot nord er bygd senere, den er flytta fra masfjorden og ble tidligere brukt som seterhytte.
B	22	1265 102 22	RAUD	1800-1899	Bolighus, Opdal, "i Høyen", Sentrum		I 1972 ble huset utvida 2 m mot nord (tidligere stod det et bislag ved yt-terdør) taket ble letta opp ca. 1 m
B	23	1265 102 26	RAUD	1700-1799	Bustadhus, Uthaugen, Sentrum Fedje	Søre stova bygd til i 1899, ark på vestsida bygd til i ca. 1960, nytt bislag bygd til i 1987	Tidligere funksjon: Gårdsdrift til 1960-åra
B	24	1265 102 3	RAUD	1800-1899	Feriehus, Purken, "purko", Husa, Vestkanten		Etter 1945 bygde dei til ark på sørsida og bislag. Bislaget blei reve vekk i 1980
B	25	1265 102 30	GUL	1875-1899	Bustadhus, Eide, Sentrum Fedje		Ark bygd til i 1935
B	26	1265 102 34	GRÅ	1800-1899	Tuft Etter Bustadhus, Eidet, Eide, Sentrum Fedje		
B	27	1265 102 35	RAUD	1800-1899	Bustadhus, Oppheim, "muren", Sentrum Fedje		Det gamle bislaget tatt ned og nytt bygd til i 1960-åra
B	28	1265 102 4	RAUD	1800-1899	Bolighus, Granly, "strnjen", Sentrum	Auststova er bygd til i 1905. Bislag og ark i sør bygd til i 1941, ark i nord bygd i 1948. Der blei skifta glas i 1960 og 1967. Huset blei og isolert med "glava" glassvattmatter det var kammers i nord-vest, det blei innlemma i stova. Der det no er	
B	29	1265 102 46	GUL	1850-1874	Sommerhus, Tune, Sjøtun, Sentrum		Nordstua, kjøkken og kammers ble bygd på før 1900. Bislag og tilbygg er bygd på senere
B	30	1265 102 47	GUL	1875-1899	Bustadhus, Tangen Midtre, "midt-Tangen", Sentrum Fedje	I 1915 la dei til fleire omfar tømmer slik at begge stovene vart like høge og lemmene høgare. I 1949 blei ark bygd til og huset blei bygd til på vestsida, stova blei utvida og der blei laga bad. Samstundes blei der bygd ark og kjøkkenet vart gjort s	
B	31	1265 102 5	GUL	1875-1899	Bolighus, Koppen, Sentrum		Bad 1970, vinduer skiftet 1959 og 1986, ark ca. 1948
B	32	1265 102 50	GUL	1875-1899	Bustadhus, Moldøen, "moldøyini", Sentrum Fedje		I 1952 ble huset bygget på på austsida en 2-3 meter i husets lengde. Samtidig ble taket skiftet og lemman gjort høyere, nesten til en full etasje.
B	33	1265 102 51	GUL	1875-1899			Søre stova bygd til like etter 1900. Tilbygg i aust (bad- utvidning av store) og utvidning av kjøkkenet i 1962
B	34	1265 102 56	GUL	1875-1899	Feriehus, Koppen, "bakkjen", Sentrum Fedje		Wc blei bygd til i ca. 1945, ark over kjøkkenet bygd til i 1968

B	35	1265 103 5	RAUD	1800-1899	Bolighus, Rognsvåg, Fedje Aust	Nordstua ble bygd først. Stua i sør ble antagelig bygd på i begynnelsen av 1900-tallet. I ca. 1950 ble huset bygd om. Det ble bygd på 3-4 omfar i høyden, nye skorsteiner ble murt opp, nytt tak ble lagt på, vinduer og kledning skiftet. I kjelleren bl	
B	36	1265 103 7	RAUD	1800-1899	Sommerhus, Nesheim, Rognsvåg, Fedje Aust	"Tidligere funksjon: Bolig i stua, sauefjøs i kammeret Tilbygg/ombygging: 1923: bygd på et par omfar i høyden + ark. 1987: bad og opp- gang bygd på, vegg mellom stue og kammers slått ut "	
B	37	1265 103 8	GRÅ	1875-1899	Ruin Etter Bolighus, Nesheim, Rognsvåg, Fedje Aust		
B	38	1265 104 11	GUL	1875-1899	Bustadhus, Solbakken, Storemark		Stova i sør bygd til i ca. 1915. Taket løfta opp et par meter og nytt bislag bygd på vestsida i 1949
B	39	1265 104 18	GUL	1850-1874	Bustadhus, Nyheim, Storemark	Tilbygg/ombygging: Bygd på langs nordsida, der det no er bad og kjøkken. I 1965 blei huset løfta opp og fekk nytt tak og nytt bislag	
B	40	1265 104 27	RAUD	1800-1899	Sommerhus, Kjelltun, Fjellheim, Storemark	Tilbygg/ombygging: Bygd på stua i nord i begynnelsen av 1900-tallet, antagelig også bygd på et par planker i høyden	Nåværende funksjon: Sommerhus
B	41	1265 104 28	RAUD	1800-1899	Bolighus, Myrdal, Storemark		Nåværende funksjon: Jorda er forpakta til bjørn stormark
B	42	1265 104 3	GUL	1875-1899	Bustadhus, Hustad, Stormark	Stove i nord (der det no er kjøkken) blei bygd til like etter 1900. I 1963 blei bislag og bad bygd til på austsida. I 1970 blei taket letta opp. I 1990 badet utvida to meter nordover. Kjøkkenet i huset har hatt plass 4 forskjellige stader i huset. Før	Tidligere funksjon: Gardsdrift til 1965-1967
B	43	1265 104 31	RAUD	1800-1899	Bustadhus, Fjørøy, Stormark		Tilbygg/ombygging: Nytt bislag bygd til i ca. 1970
B	44	1265 104 32	RAUD	1800-1899	Feriehus, Herøy, Storemark		Tilbygg/ombygging: Bygd på ei stove i sør i ca. 1930, ca. 1940 blei huset letta opp
B	45	1265 104 4	GUL	1875-1899	Feriehus, Mortland, "morte Viken", Storemark	Søre stove bygd til ca. 1915. I 1950 ca. Blei skykkje som stod på sørenden av huset, reve (skykkja blei brukt som verkstad). Nytt bislag bygd til i 1941 - det som stod før hadde skråtak, vindauge skifta i 1990	

# *Skule*



Huset på gbnr. 172/11 (under) vart bygd noko etter 1888 (Skogseth: 486), medan det i SEFRAK hamnar i kategorien 1800-1899, RAUD. Huset vart brukt som omgangskule for Stormark krins før skulehuset på gbnr. 172/29 vart bygd i 1922 (over).



# *Kyrkje og religion*



Detalj, maleri frå Fedje kyrkje (foto: P. Fett, ©  
2016 Universitetsmuseet i Bergen)

## Bedehuset (gnr. 168/85)

Bedehuset vart bygd av Fedje indremisjon i 1905. Bygget er utvida fleire gongar (Brekke & Skaar 1995: 37; Skogseth 1997: 81).



Fedje er ikkje nemnd som kyrkjestad i mellomalderen. I 1636 er kyrkja fyrste gong nemnd, då som eit lite korshus i tre, og som eit anneks til Lindås. Denne kyrkja skal ha stått der kyrkja står i dag. I 1657 vart det bygd ei ny kyrkje på same staden, også dette eit mindre tømra bygg. Frå 1679 vart det lagt gravplass til kyrkja. Denne kyrkja stod til 1888, då vart ho riven og ei større trekyrkje reist på same staden. I 1939 vart så denne riven og dagens kyrkje reist og vigsla i 1941.

Dagens kyrkje er ikkje listeført. Posten i Askeladden omfattar staden der det har stått tre kyrkjer i perioden 1636-1939, då mykje som eit varsko om at det kan ha stått kyrkjer her også før reformasjonen.

ASK 84120 Fedje kyrkjestad. Uavklart vernestatus.

# *Handel*



*Interiør i butikken på Stormark (Skogseth 1996: 510)*





Kremmarholmen: handelstad, gjestgjevarstad og landhandleri, eit kulturmiljø av høg verdi. Hovudhus, ruin av “Prestestovo” og to jordkjellarar er registrerte i SEFRAK. I denne samanhengen er desse rekna til temaet *Handel*, medan nausta lenger inne er rekna under temaet *Sjøbruk*.





Våningshus på gbnr. 168/28, Vika, bygd 1875-1899. Her var det drive handel ein periode før 1915 (informasjon i matrikkelen). Huset er ein del ombygd (jf. foto oppe frå 1918, Skogseth : 297).



Landhandel, Husa (Gnr. 168/59). Ludvik Husa fekk skøyte på tomt her i 1935. Han sette opp forretningsbygg og dreiv landhandel her fram til 1975. Huset vart ombygd og påbygd i 1977. Frå 1978-1981 vart det drive kafe her. Seinare er huset innreia til overnatting for turistar (Brekke & Skaar 1995: 20, 56; Skogseth 1997: 137f.).



Landhandel, Stormark (Gnr. 172/95). Oswald Berg fekk delt frå denne tomte i 1935, sette opp noverande bygg og starta landhandel. Fleire eigarar dreiv landhandel her fram til 1962 (Skogseth 1997: 510f.)



Alfred Børhaug fekk skøyte på denne tomte i 1938 og sette opp forretningsbygg med husvære. Fleire eigarar og leigetakarar dreiv landhandel her fram til 1985. Bygget vart kalla «Filialen» (Skogseth 1997: 79f.)



Gbnr. 168/47 Tuften. Bygd kring 1933. Kafedrift og overnattingsverksemd.  
Foto frå før krigen (Øvst) (Skogseth 1997: 219)



Gbnr. 168/42 Soberg. Huset bygd 1924 eller like etter. Daglegvareforretning i underetasjen frå starten til 1986 (?) (Skogseth 1996: 218).

# Andre

Det står då att 6 objekt frå SEFRAK-registeret som ikkje er plassert under tema over.

TEMA ANDRE (A)							
A	1	1265 102 6	GUL	1875-1899	Uthus, Koppen, Sentrum	Tidligere funksjon: Torv og ved	Nåværende funksjon: Ved, røykeri
A	2	1265 103 1	RAUD	1800-1899	Eldhus, Rognsvåg, "varen", Fedje Aust	Tidligere funksjon: I grua hadde de en stor gryte der de tørket korn (havre), kornet ble malt opp i masfjorden	Det var opprinnelig torvtak på bygningen, taket ble skiftet på 1950-tallet
A	3	1265 103 9	RAUD	1800-1899	Bolighus, Storhaug, Nygård, Stormark, Fedje	"Tidligere funksjon: Fyrhus på hellesøy fyr, fedje Tilbygg/ombygging: Bygd på ca. 1960, taket løftet opp, ark og bislag bygd på. Tidligere var taket teket med pannestein "	Husa på bnr. 36 sette opp i 1924. Våningshuset i vest vart utskilt som br. 168 i 1996
A	4	1265 104 21	GRÅ	1875-1899	Mur Etter Oljebod, Hellsøy Fyr, Hellesøy, Storemark		
A	5	1265 104 5	GRÅ	1875-1899	Torvhus, Mortland, "morte Viken", Storemark		
A	6	1265 104 7	GRÅ	1875-1899	Tuft Etter Utedo, Mortland, Morte Viken, Storemark		



A2, eldhus i Rognsvåg gbnr.167/2.

### A3, Fyrbetjentbustad, Stormark (Gnr. 172/117)

Huset til fyrvaktaren, familien hans og «fyrkarlen», på Hellesøy brann ned i 1902. I 1903 vart det bygd to nye hus på Hellesøy, det eine bustad for fyrvaktarassistenten. Frå 1954 trong ikkje fyrvaktar og assistenten lenger å bu på øya. I 1962 vart huset for fyrvaktarassistenten flytta hit til gnr. 172/117 (Brekke og Skaar 1995: 45; Skogseth 1997: 514). Alderen i SEFRAK må då vere feil, huset er mest truleg bygd i 1903.

